

SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
33/14	Kommunestyret	PS	20.03.2014

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Tove Mette Arnø Fyllingen	FE - 033	14/2062

Melding / orientering frå ordførar og rådmann

Vedlegg:

Vedlegg Brosjyre

Brev OCR

Kontrollrapport 2013 vedkomande skatteoppkrevjarfunksjonen for Lindås kommune

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Meldinga vert teke til orientering

Kommunestyret - 33/14

KO - behandling:

Utdelt i møtet:

14 000 bygdekviner krever sterkere vern av matjorda - frå Norges bygdekvinnelag dat. 28.01.2014

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

Interpellasjon frå Nina Bognøy - AP:

I den seinare tid har det i media vore referert til alvorlige og bekymringsfulle saker knytt til rusproblematikk/narkotiske stoff hjå elevar i den vidaregåande skule i Hordaland. Likeleis har Lensmann Vatne orientert formannskapet i Lindås om same problemstilling oppdaga i ungdomskular i Lindås.

Denne omgangen med stoff har vist seg å ikkje kjenne grenser. Den har ikkje politisk farge, den kjenner ikkje sosiale lag, den kjenner ikkje geografi. Det einaste den kjenner er at det gjeld unge menneskjer, til dels svært unge. Denne omgangen med rusmidler kan verte skjebnesvanger for desse unge som er i starten på livet. Desse unge som vert oppdaga vert på ymse vis sett, samtalt med, behandla, dømd, alt etter så i systemet. Nokke med den viktigaste ressursen desse unge kan ha, er foreldre/føresette som stiller for opp seg i denne situasjonen i tillegg til anna hjelp.

-Spørsmålet er om Lindås kommune har ei veiledingsteneste,- kanal for foreldre som avdekker rusmisbruk og/eller der det avdekkas rusmisbruk hjå ungdommen sin?

-Kven kan rettleia/hjelpe desse foreldra som søker denne kunnskapen i vårt kommunale system i Lindås?

-Om Lindås kommune ikkje har slik teneste pr. d.d, vil kommunen jobba aktivt for å få slik på plass?

Ordførar svarer:

-Lindås kommune har ikkje i dag ei eiga rettleiingsteneste eller ein direkte informasjonskanal retta inn mot foreldre som avdekkjer rusmisbruk hjå eigne born og ungdommar.

- Det er fleire av kommunen sine fageiningar som kan bidra med rettleiing og hjelp om dei blir kontakta. Barnevernet kan rettleie og hjelpe både born og foreldre. Barnevernet i Lindås får inn nokre få slike meldingar i året. Når barnevernet får inn meldingar blir det vurdert om ein skal gjennomføre nærare kartlegging. Viss det er snakk om alvorlege tilfelle, så kan barnevernet også setje inn tiltak i samarbeid med foreldra.

NAV i Lindås har i dag ein rusrådgjevar, men den er i stor grad retta inn mot vaksne. NAV jobbar også målretta inn mot ungdommar som droppar ut av skulen, slik at dei ikkje fell ut av systemet. Det er større risiko for bruk av rus når ein fell ut av systemet.

I helse-eininga i Lindås har ein avdeling for psykisk helse og rus, men dette er eit tilbod som baserer seg på vedtak i kommunen. Det finns også eit lågterskel-tilbod med psykolog som kan nyttast. I tillegg spelar helsestasjonane og helsesøster ei viktig rolle, dei har kontakt både med foreldre og borna, og kan bidra med informasjon og hjelp.

Skulane i Lindås spelar sjølvstøtt ei viktig rolle, det er her ungdommane brukar mykje av tida si.

Foreldra kan sjølvstøtt kontakte rektor, rådgjevar og lærarar ved behov.

Informasjon om dei ulike tilboda i fageiningane er noko vi kan vise tydeligare på kommunen sine nettsider.

- Spørsmål rundt alkohol- og narkotikaproblematikk skal sjølvstøtt takast på alvor, og foreldra er ei sentral målgruppe i denne samanhengen. Det er likevel viktig å vurdere behovet for ei slik direkte rettleiingsteneste i kommunal regi. Det er få enkeltkommunar som har ei slik teneste i dag, og det har ikkje vore vurdert om Lindås kommune skal ha eit slikt tilbod. Det finns gode landsdekkande tilbod, til dømes Rustelefonen, som er finansiert av Helsedirektoratet. Rustelefonen er ei opplysningsteneste om rus og hjelpetiltak, og rettar seg mellom anna direkte mot foreldre med rettleiing knytt til alkohol- og narkotikaproblematikk.

KO - vedtak:

Meldinga vert teke til orientering

Saksopplysningar:

Politisk handsaming

Saka skal avgjerast i Kommunestyret

